

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

**Ikkje publiser
IP**

Dykkar ref.

Vår ref.
20/16260-27Dato:
03.04.2025**Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 01.04.2025**

Møte nr.	3
Møtedato/tid:	01.04.2025 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Stefan Williams Hansen, leiar FAU Jannicke Håkonsund, nestleiar FAU Jimmy Håkonsund, politisk representant Karina Scott Glesnes, leiar elevrådet Tuva Øvretveit Revhaug, nestleiar elevrådet Janet Sangolt Kleppe, representant for lærarane Kristin Mellingen, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor

18/24-25	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent
19/24-25	Oppfølging av saker frå sist møte Det var ingen saker som blei nemnd som saker ein skulle følgja opp sist.
20/24-25	Informasjon frå elevrådsleiar Sidan sist har Elevrådet sett på Elevundersøkinga og diskutert tala våre. Elevane er sjokkerte over mobbetala, og kjenner seg ikkje igjen i desse tala. Dei har diskutert at det må snakkast meir om alvoret i testen til elevane, og at elevane skjønner kva dei svarar på.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG**Kontonummer**
6130.05.01590
Organisasjonsnummer
922 53 0890**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	Karina var med i Kvalitetsdialogen med skulesjefen, og synest det var ei fin oppleving. Det var fokus både på det som var positivt med skulen, men også utfordringane, til dømes med tala frå Elevundersøkinga og nasjonale prøver. Skulesjefen var oppteken av at me måtte høyra på elevane og at deira stemmer er viktig, noko skulen vil ta på alvor. Elevane ønskjer å ha prosjektveke vidare, og det ønskjer også både foreldra og dei tilsette. Økonomien i det kan vera litt vanskeleg, men FAU vil jobba for å søkja midlar til framsyninga på Panorama. Det blir sommarball 5. juni og då er 10. trinn ferdige med munnleg eksamen dagen før. Det blir dei same klokkesletta som førre ball.
21/24-25	Informasjon frå FAU FAU har ei sponsergruppe som vil jobba for sponsormidlar til Knutec. FAU stilte seg bak skrivet som kritiserte kutta i kommunen.
22/24-25	Informasjon frå rektor Situasjonen i kommunen er ganske alvorleg. For Sund ungdomsskule har det medført at me har to færre stillingar neste skuleår enn me har i år, med berre sju til ti elevar færre. Me har tenkt å kjøpa nye samfunnsfagsbøker og har allereie valt ut verk. Er spente på om me får råd til å kjøpa desse no. Me må sikkert kutta Skolestudio også, og berre ha Skolen. Me er usikker på korleis det kjem til å gå med Prosjektveka med tanke på økonomi. Dette er noko me alle ønskjer å halda fram med. Knutec er i bruk no. Basen nyttar lokalet måndagar og onsdagar, det er i bruk annakvar tysdag og resten av tida kan kva klasse som helst booka seg inn. Elevane og foreldra må skriva under på kontrakt før dei får lov å gå ned, men dette byrjar no å gå i orden. Me hadde omvising på Knutec sist FAU-møte. Då var foreldra interessert i å bruka det til sosialkveld for klassane. Me har fått fiskeutstyr frå Bergen Aktiv og dei har vore og snakka om fising med friluftslivsklassen. Uteområdet: Wikholm har skriva kontrakt. Får besøk av ein derifrå i morgon og me skal sjå på uteområdet saman. Uttale til Trafikktryggingsplanen i kommunen er sendt av rektorane på Stranda og Sund ungdomsskule. Me tok fram tre saker: Vegen frå Vorland til skuleområdet der det må setjast opp fortau, innkøyringa til skulesenteret der det har vore utforkøyringar og lyssetjinga ved fotovergangen. Gruppa Trafikksikker Stranda krins kjem også til å senda inn eit svar på høyringa. Her er trafikkgruppa i vårt FAU representert. PISA: 30 elevar frå 10. trinn er trekt ut til å svara på PISA-undersøkinga 9. april. Dette er ein heil dags undersøking og noko som ein ikkje kan takka nei til.

23/24-25	Eventuelt Er det mogeleg å tenkja annleis kring Panorama-framsyninga? Kan Elevrådet stå som arrangør og ta inngangspengar? Eller er det andre mogelegheiter? Anne sjekkar med skulesjefen.
24/24-25	Saker som skal følgjast opp Trafikktryggingsplanen Søknad om sponsormidlar (Knutec og Panorama)

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur